

# **Avtale**

**Mellom**

**Utdanningsforbundet**

**og**

**Folkehøgskoleforbundet (FHF) og Noregs Kristelege Folkehøgskolelag (NKF)**

1. Formålet med avtalen er å etablere eit rettsleg forpliktande samarbeid mellom Utdanningsforbundet og dei to folkehøgskoleorganisasjonane.
2. FHF og NKF har eit eige samarbeidsutval, som mellom anna representerer dei to organisasjonane i samarbeidet med Utdanningsforbundet.
3. Dobbeltmedlemskap: Medlemmer i FHF og NKF som fyller krava til medlemskap i Utdanningsforbundet, blir og rekna som medlemmer i Utdanningsforbundet. FHF og NKF følger opp dette når medlemmer vert registrerte ved innmelding. (Se også pkt. 6)
4. I forhandlingssamanheng i tariffområde der Utdanningsforbundet har direkte forhandlingsrett eller forhandlar gjennom Unio, forhald FHF/NKF seg til Utdanningsforbundet på denne måten:

I sentrale forhandlingar og i forhandlingar på fylkeskommunalt eller tilsvarende nivå, representerer Utdanningsforbundet dei av medlemmene i FHF/NKF som har dobbeltmedlemskap. Desse medlemmene vil difor vere bundne av Utdanningsforbundet sine tariffmessige vedtak og tariffavtalar.

FHF/NKF skal konsulterast før det blir sett fram krav i forhandlingar som også gjeld folkehøgskolen.

Tillitsvalde og tilsette i FHF og NKF kan etter avtale representere Utdanningsforbundet i forhandlingar.

Ved forhandlingar om avtaler som berre gjeld folkehøgskolen, skal krava som vert sett fram vere formulerte av eller godtekne av samarbeidsutvalet for FHF og NKF, som og skal kunne vedta eller forkaste resultatet. Likevel slik at ved eventuell streik må dette godkjennast av Utdanningsforbundet.

Streikekostnader for dobbeltmedlemmer dekkes av Utdanningsforbundet ved streik som er iverksett etter vedtak av og/eller etter godkjenning av Utdanningsforbundet. For å dekke opp slike kostnader betaler FHF/NKF inn kr 165 000,- pr. år til Utdanningsforbundets konfliktfond. (110 000,- for 2017 pga. at avtalen gjelder fra 1.5.2017.) Beløpet justerast årleg basert på medlemstal og lønnsutviklinga avtalt mellom partane i Virke HUK-området, første gang 1.10.2018.

Beløpet er beregnet på bakgrunn av: ca 490 dobbeltmedlemmer med gjennomsnittslønn på kr 500 000,- og 5 % av en kontingenst på 1,35 % av lønn.

Ved eventuell tvist om tolking av avtaler skal FHF/NKF bere kostnadene.

FHF og NKF skal framleis inngå tariffavtalar for dei av medlemmene som ikkje gjennom dobbeltmedlemskap også er medlemmer i Utdanningsforbundet.

På skolenivå representerer tillitsvalte for FHF/NKF Utdanningsforbundet i forhandlingar, drøftingar og informasjonsmøte, så sant ein ikkje på skolen blir einige om noko anna. I saker som gjeld særavtale for undervisningspersonalet, skal den tillitsvalde fortrinnsvis vere ein av lærarane.

5. Når det gjeld eventuelle folkehøgskolar som ikkje er part i eller knytt til sentrale tariffavtalar, vil FHF/NKF og Utdanningsforbundet samarbeide etter prinsippa i pkt. 4 i denne avtalen.
6. FHF og NKF har ansvaret for å følgje opp medlemmene sine når det gjeld tariff- og arbeidsrettslege spørsmål i tilknyting til individuelle arbeidsforhold.
7. Representantar og tillitsvalde for FHF/NKF kan etter avtale delta i tillitsvaldopplæring i Utdanningsforbundet.
8. Alle medlemmene i FHF og NKF får tilgang til generelle medlemstilbod i Utdanningsforbundet.
9. Partane er opptekne av god dialog og samarbeid, og vil holde møte ved behov. Ved sidan av å drøfte tariffmessige forhold og vere eit forum for gjensidig informasjon, kan ein og ta opp andre spørsmål av felles interesse. Organisasjonane avgjer sjølve kor mange som deltek i møta.
10. Folkehøgskoleforbundet og Noregs Kristelege Folkehøgskolelag blir haldne oppe som eigne organisasjoner som skal ta vare på idégrunnlaget, vera interesseorgan for folkehøgskolen og arbeide med pedagogisk utviklingsarbeid og andre tiltak overfor medlemmene og folkehøgskolane.
11. FHF og NKF refunderer Utdanningsforbundet contingent til Unio for dobbeltmedlemmene. Dei to organisasjonane betaler ellers etter nærmere avtale for tenester Utdanningsforbundet utfører for FHF og NKF.
12. Avtalen gjeld frå 1. mai 2017 til 30. april 2019, og løper etter det vidare for eitt år om gangen hvis ingen av partane tar initiativ til endringar. Han kan seiast opp av partane med eit varsel på 3 månader.



Einar Skaf

Utdanningsforbundet



Tor Gundersen

Noregs Kristelege Folkehøgskolelag



Kjetil Hinnhuk

Folkehøgskoleforbundet

Samarbeidsavtalen blei inngått i august 2005, og er revidert i januar 2008 og juni 2017